

Øystein Ekroll:

Stiklestad – Nidaros – Jerusalem 2030

St. Olav har sett spor i norsk kultur og natur på ein måte som vi vanskeleg kan fatte, men som til vanleg blir samanfatta i begrepet 'Olavstradisjonen', som kan vere både alt og ingenting. Alt, fordi alle har litt eller mykje kjennskap til St. Olav og blir dermed ein del av denne 'tradisjonen'; ingenting, fordi det er svært vanskeleg å definere kva denne tradisjonen består av (eit poeng som kritiske røyster stadig dreg fram i debatten).

I dette notatet vil eg legge fram nokre tankar og idear om dette. Etter mitt syn er dette svært relevante emne for forskingsprosjekt som kan og bør gjennomførast i perioden fram til 2030.

29. juli 1030 er den første heilt sikre *datoen* og det første heilt sikre *årstalet* i Noregshistoria, men framfor alt den første sikre *hendinga* som kan stad- og tidsfestast slik at vi kan gå til den same staden og seie: Her var det, då skjedde det. Altaret i Stiklestad kyrkje vart i 1150-åra sett på staden som var utpeikt som kongens banestad, og den låge plasseringa i terrenget viser at det måtte ligge ein sterk tradisjon bak utpeikinga av nettopp denne staden (dei tidlege trønderkyrkjene ligg i regelen høgt i landskapet, som Haug, Mære, Alstadhaug). *Staden* var også viktig: Snorre lét Magnus den gode søkje ut plassen med hjelp av vitne som var med i slaget – dette er knappast historisk rett, men eit litterært uttrykk for kor viktig den nøyaktige staden for Olavs død var. Det overkvelva steinkoret i Stiklestad kyrkje vart reist samtidig med opprettinga av erkesetet i Nidaros, heilt likt Johanneskapellet i Domkyrkja i detalj (vigsla 26.11.1161), og truleg reist av dei same handverkarane.

Tre tradisjonar

Utviklinga frå 1030 og til 1568, då Olav si grav vart sletta/skjult i Nidarosdomen, har eg prøvd å skilje i tre ulike 'tradisjonar', og kvar av desse meiner eg det vil vere fruktbart å arbeide vidare med i åra fram til 2030.

Stiklestad var såleis ein integrert del av opprettinga av erkesetet og ein svært viktig del i oppbygginga av det liturgisk-religiøse byggverket/verdsbildet som vart skapt omkring St. Olav i tiåra etterpå, framfor alt av erkebiskop Eystein Erlendsson. Stiklestad fekk sitt eige liturgiske landskap bygd opp omkring St. Olav på same måte som eit Jerusalem-inspisert liturgisk landskap vart bygd opp omkring Nidaros, i spenninga mellom Jerusalem som *umbilis terra* (jordnavlen) og Nidaros som det kristne *finis terra* (kanten av jordskiva). Dette er den første tradisjonen.

St. Olav vart også synleggjort som ingen annan nordisk/nord-europeisk helgen, ved at det vart utvikla ein ikonografi seinast frå midten av 1100-talet som viste Olav som helgen og konge. Gjennom dei neste fire hundre åra vart Olavsikonografien stadig endra og utvikla, og det vart skapt ei enorm mengde Olavsbilete og –framstillingar som gjorde han kjend over heile Nord-Europa. Dette er den andre tradisjonen.

I motsetning til alle andre helgenar vart St. Olavstradisjonen også ein *naturkult*, dvs at St. Olav vart knytt saman med naturfenomen, naturformasjonar og framfor alt heilage kjelder. Dette er den breiaste og lengstlevande delen av Olavstradisjonen og er altså den tredje tradisjonen.

Den første tradisjonen: Stiklestad og Nidaros som fellekristne valfartsmål.

Vegen frå Nidaros og Jämtland til Stiklestad er den nordlegaste greina av det europeiske nettverket av pilegrimsvegar, innanfor ein trekant Nidaros/Stiklestad – Santiago de Compostela – Jerusalem/Betlehem, med Roma inne i trekanten. Valfarten til Nidaros/Stiklestad bør undersøkast og kartleggast i høve til desse to andre valfartsmåla (gjerne også fleire), særleg med tanke på oppbygginga av det liturgiske landskapet med vegar, førsteutsiktsstader/gledesbakkar (Feginsbrekka/Mont joie/Mons gaudii), korsreising i landskapet, plassering av kyrkjer og bruk av bygningar, brønnar og kjelder som var knytta til mirakel og helsebot med meir.

Dei gamle vegane til Stiklestad som også pilgrimane brukte frå sør, nord og aust bør utforskast, opparbeidast og merkast slik at dei kan inngå i den store Olavsvegen, framfor alt mellom Nidaros og Stiklestad. Stiklestadområdet som historisk-liturgisk landskap bør utforskast vidare gjennom arkeologiske utgravingar, registreringar og landskapsanalyse. T.d. viser løytnant Lyngs kart frå 1700-talet at haugen der det katolske kapellet ligg heitte Korshaugen og ved sidan av renn Korsbekken.

I tillegg kan monumentet frå 1805 med kors som står på den andre haugen også føre historia langt attover i tid. Absalon Pedersson Beyer fortel dessutan i *'Om Norgis rige'* (1567) at St. Olav vart *'slagen j Styklestad, hues blod synis end nu til denne dag vdi en lade oc kand aldrig vdslettis med vand eller menniskis hender'*. Dette fortel at heilt til etter Reformasjonen vart det vist fram ein låve med blodspor som eit bevis på det første miraklet til St. Olav – at ein blind mann fekk att synet.

Saman med kyrkja og dødsstaden fortel dette at det var bygd opp eit 'pasjonslandskap' på Stiklestad der helgenen sine siste timar i livet kunne opplevast synleggjort med vandring frå punkt til punkt. Dette er ein parallell til korleis Jesu lidingssoge vart synleggjort i Jerusalem med 'Via Dolorosa', St. Peters lidning og død i Roma og kanskje også andre helgenar andre stadar. Denne sida av Stiklestad bør undersøkast i ein større kontekst, både nordisk og europeisk.

I Nidaros vart St. Olav si grav på slutten av 1100-talet omgitt av ei bygning (oktogonen) som var inspirert av den store rotunden over Kristi Grav i Jerusalem. Etter mønster frå andre valfartsstadar vart det oppretta eit hospital ved katedralen, og ein prosesjonsveg vart etablert omkring i byen. På Brattøra sto eit stort kors, på 'Marinen' låg ei Olavskjelde, på Byåsen låg *Feginsbrekka* (Gledesbakken), og på Steinberget bygde kong Sverre si borg *Sion*, inspirert av kong Davids borg i Jerusalem med same namnet. Dette er små trekk av eit større bilde som viser at det låg ei medveten tenking bak mykje av det som skjedde her på 11-1200-talet. Det bør også opprettast kontakt med relevante miljø i Jerusalem/Betlehem for utvikling av forskning på dette feltet (underteikna arbeider p.t. med ei ph.d.-avhandling om dette emnet).

Den andre tradisjonen: Helgenkongen i tre, kalk, stein og olje

St. Olav vart også synleggjort som ingen annan nordisk helgen. Det vart skapt ei enorm mengde Olavsbilete og –framstillingar som gjorde han kjend over heile Nord-Europa. Det finst statuer og relieff av stein og tre i tillegg til kalkmaleri, tavlemaleri, særleg altarskap og altarfrontaler, dessutan bilder av metall, elfenbein og bokmaleri, berre for å nemne ein del. Det aller meste stammar frå tida før Reformasjonen, men det finst ein levande tradisjon både på 16- og 1700-talet, og på 1800-talet og framover blir det på nytt produsert store mengder av Olavsbilder.

Denne kunsttradisjonen er merkeleg nok lite utforska. Ei viss oversikt over skulpturen vart laga av Fredrik B. Wallem i 1930, og Anne Lidén (1999) har forska på malte framstillingar, men det finst inga samla oversikt. Sentrale spørsmål i Olavsikonografien finst det enno ikkje svar på, t.d. tolkinga av

'underliggarane' i form av ein drake eller ein krigar. Olavsikonografien grip også direkte inn i kjernen av den norske nasjonen, ved at St. Olavs øks i 1280 vart gjort til ein del av det norske riksvåpenet saman med Sverreætta si løve. Olavsikonografien er meir skiftande og komplisert enn for dei fleste andre helgenar, som har berre ei standard ikonografisk framstilling, medan framstillingane av Olav utviklar seg sterkt gjennom 400 år.

I seinmellomalderen blir Olavslegendene ein viktig del av ikonografien hans, t.d. kappseglinga, og her er det enno mykje utforska materiale. Mykje av denne utviklinga skjer i det nedertyske området, særleg i Hansabyane frå Amsterdam til Danzig, og her blir også legendene utgitt som trykte bøker i 1492-1507 (dei første trykte bøkene om norsk historie), eit materiale som er like lite utforska som kunsten.

Eit heilt sentralt forskingsprosjekt fram til 2030 bør derfor vere å lage ein database over alle Olavsframstillingar som enno finst, og samtidig forske på dette materialet. Databasen bør vere basert på Stiklestad, og arbeidet bør skje i samarbeid med kunsthistoriske forskingsmiljø, t.d. ved NTNU i Trondheim, og vil kunne resultere i master- og ph.d.-grader. Eit slikt arbeid vil ha internasjonal interesse og bør også involvere forskarar frå andre land med særleg mange Olavsframstillingar, som Sverige, Finland og Danmark.

Den tredje tradisjonen: Olav som naturguddom

I seinmellomalderen blir som alt nemnt Olavslegendene svært populære, med Olav som kappseglar, Olav som kjempar med troll og andre uvesen o.l. Kanskje er det på denne tida at Olav får rolla som 'naturguddom' som blir knytta til naturformasjonar og –fenomen, og kjempar mot troll og risar. Dette blir fram til vår tid den sterkaste Olavstradisjonen mellom folk flest, ikkje berre her i landet men i fleire andre land.

Denne tradisjonen er blitt sett ned på og i beste fall dokumentert av folkelivsgranskarar, men det er religionshistorisk heilt eineståande i Europa at ein helgen får ein slik status i folkefantasia gjennom fleire hundre år. Det bør bli eit eige prosjekt å samle inn, systematisere og og forske på denne tradisjonen, som er den levande Olavstradisjonen.

Ein parallell del av denne tradisjonen er Olavskjeldene som er kjende over heile landet nord til Helgeland (kanskje også lenger nord) og i grannelanda. Sambandet mellom Olav og vatn kan stamme frå kjelda med undergjerande vatn som kom fram ved Olav si grav (i dag Olavsbrønnen i oktogonen), og det finst truleg fleire hundre av dei. Den einaste oversikta til no vart samla i ein liten artikkel av biskop A. Chr. Bang i 1885 (*'Norges hellige Kilder efter Reformationen'*) og omfattar berre 20-30 kjelder.

Mykje av tradisjonen om desse kjeldene er i ferd med å forsvinne, og det hastar med å samle inn kunnskapen og lage ei oversikt over det. Begge desse to delprosjekta må involvere lokalhistoriske miljø og kan skape eit stort folkeleg engasjement i dei komande åra. Det naturlege senteret for eit slikt prosjekt vil ligge på Stiklestad.

Trondheim 18.11.2011

Øystein Ekroll